
Fra: Moen Kari Elster <kari.elster.moen@vegvesen.no>
Sendt: 1. september 2015 15:19
Til: Olav Mongstad
Emne: SV: Høyringsframlegg på namn på bruer i Austrheim

Hei!

Eg har forhøyrd meg litt her på seksjonen. Eg har forstått det slik at vi ikkje har noko særskilt meining om namnsetting generelt. Vi synes det er veldig fint at det gjer eit lokalt arbeid på det. Eg skal sende deg eit formelt svar frå oss. Framgangsmåten synes eg er fin. Veldig greit at aktuelle instansar får høve til å meine noko før vedtak vert gjort, i staden for at de får mange innspel i ettertid!

Lykke til med arbeidet!

Mvh
Kari Elster Moen

Fra: Olav Mongstad [<mailto:Olav.Mongstad@austrheim.kommune.no>]
Sendt: 1. september 2015 14:42
Til: Moen Kari Elster <kari.elster.moen@vegvesen.no>
Emne: SV: Høyringsframlegg på namn på bruer i Austrheim

Hei.

Eg har sendt spørsmål til Strilen om kvifor ikkje vi vart spurt om dette?

Eg er einig i ditt svar, kjem det meir førespurnad, så send det gjerne over til oss.

Er det vi har sendt OK framgangsmåte i saka?

Vi legg opp til ei høyring, så lagar vi sak til kommunestyret som kjem med endelege framlegg frå Austrheim. Desse skal så til endeleg godkjenning hos dykk eller andre instansar. Er det ein framgangsmåte du er nøgd med – eller meiner du at de gjer endeleg vedtak no?

Helsing
Olav Mongstad

Fra: Moen Kari Elster [<mailto:kari.elster.moen@vegvesen.no>]
Sendt: 1. september 2015 13:33
Til: Hans E. Storheim
Kopi: Olav Mongstad
Emne: VS: Høyringsframlegg på namn på bruer i Austrheim

Statens vegvesen viser til ditt innsynskrav og sender med dette høyringsframlegget frå Austrheim kommune. Ved vidare spørsmål ber vi deg vende deg til kommunen.

Med helsing
Kari Elster Moen

Seksjon: Plan- og forvaltningsseksjon Bergen
Postadresse: Statens vegvesen Region vest, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER
Kontoradresse: Spelhaugen 12, FYLLINGSDALEN
Telefon: +47 55516115 **Mobil:** +47 95288829 **e-post/Lync:** kari.elster.moen@vegvesen.no
www.vegvesen.no **e-post:** firmapost-vest@vegvesen.no

Tenk miljø - spar papir. Treng du skrive ut denne e-posten?

Fra: Olav Mongstad [<mailto:Olav.Mongstad@austrheim.kommune.no>]

Sendt: 18. august 2015 13:24

Til: Espelund Anne Marta <anne.espelund@vegvesen.no>; Firmapost-Vest <firmapost-vest@vegvesen.no>

Emne: Høyringsframlegg på namn på bruer i Austrheim

Statens Vegvesen Rasjon Vest

Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Dato:
	14/1644 – 8 / OMO	18.08.2015

Høyringsframlegg på namn på bruer i Austrheim

Vedlagt er eit høyringsframlegg på namn på bruer i Austrheim. Tilsaman er det lista opp 14 bruer som vi ynskjer å få sett offisielt namn på. Det er både bruer på fylkesveg, kommunal veg og privat bru. Den oppsummerande lista på side 13 i høyringsframlegget viser til kva eigarskap det er til brua.

I arbeidet administrasjonen har gjort med å setja namna, fall vi tilslutt ned på at i ein øykommune som Austrheim, bør det i stor grad bli øyane våre som gir namn til bruene. Når vi ser i namneregisteret for bruer i landet, ser vi at det ikkje er noko fastlagt mønster for kva som skal vera utgangspunktet til namnet.

Vi ber om innspel på høyringa innan fristen 1. oktober 2015.

Med helsing

Olav Mongstad
assisterande rådmann

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Vedlegg:

Bruer i Austrheim saksframlegg endeleg saksframlegg 18.08.2015

Kopi til:

Mottakere:

Statens Vegvesen Rasjon Vest	Askedalen 4	6863	LEIKANGER
Stadnamnskonsulenten på Vestlandet	v/Kjell Steinbru		
Statens kartverk	v/Erlend Trones		
Austrheim Kyst- og sogelag			
Hordaland Fylkeskommune	Samferdsleavdelinga		